



Arkivnr: 2019/11699-1

Saksbehandlar: Nils Vetlesand

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		29.05.2019
Fylkestinget		12.06.2019

Årsmelding 2018 Hordaland fylkeskommune

Samandrag

Årsmeldinga gjev oversyn over Hordaland fylkeskommune sin aktivitet gjennom året og rekneskapen for 2018.

Driftsrekneskapen for 2018 vart gjort opp med eit overskot på 20,8 mill. kr. Dette er oppnådd gjennom stram økonomistyring i heile organisasjonen. Dei fleste sektorane hadde godt samsvar mellom budsjett og rekneskap.

Netto driftsresultat for 2018 gjekk ned frå 2,0 % i 2017 til 1,0 %. Fylkeskommunen har dermed framleis avgrensa handlingsrom og lita evne til å tola svingingar i økonomien. Den samla lånegjelda var ved utgangen av 2018 på 10,7 milliardar kroner. Fylkeskommunen er i ein krevjande økonomisk situasjon og må prioritera grundig i aktivitetar og tenestetilbod dei komande åra.

Økonomi: Ingen effekt. Det vert ikkje gjort framlegg om endringar i høve til vedteke budsjett.

Klima: Årsmeldinga føreligg elektronisk, vert ikkje laga i trykt utgåve.

Folkehelse: Ingen effekt.

Regional planstrategi: Ingen verknader.

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek «Årsmelding 2018 Hordaland fylkeskommune» til orientering.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Nils Vetlesand
kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Årsmelding 2018 Hordaland fylkeskommune

Fylkesrådmannen, 20.05.2019

Årsmeldinga for 2018 gjev eit samla økonomisk oversyn over drift og investeringar og utfyllande omtale av aktivitetar i kvar sektor.

Driftsrekneskapen for 2018 vart gjort opp med eit overskot på 20,8 mill. kr. Dette er oppnådd gjennom stram økonomistyring i heile organisasjonen. Dei fleste sektorane hadde godt samsvar mellom budsjett og rekneskap.

Det har gjennom fleire år vore arbeidd systematisk med å snu den underliggande negative driftsutviklinga og resultatet for 2018 viser at fylkeskommunen er på god veg. Det er gledeleg at både opplærings- og samferdselssektoren, som til saman står for rundt 80 prosent av drifta også i 2018 leverer resultat godt i samsvar med budsjettet.

Driftsutgiftene auka med 6,0 % frå 2017 til 2018. Fylkeskommunen sine samla brutto driftsutgifter i 2018 var på 8 494,8 mill. kr. Driftsinntektene auka med 5,5 % til 9 398,4 mill. kr.

Netto driftsresultat for Hordaland fylkeskommune gjekk ned frå 174,1 mill. kr (2,0 %) i 2017 til 90,0 mill. kr (1,0 %) i 2018. Førebelse tal for landet viser ein nedgang i gjennomsnittleg netto driftsresultat frå 4,3 % til 3,8 %.

Fylkeskommunen investerte i 2018 for 2 833,7 mill. kr, av dette 2 190 mill. kr til samferdselsføremål og 581 mill. kr innan opplæringssektoren.

Lån er viktigaste finansieringskjelda for investeringane med 991 mill. kr. Bompengar stod for 682 mill. kr og statstilskot for 425 mill. kr av investeringsfinansiering. Det vart nytta 79 mill. kr i driftsmidlar til investeringar.

I 2018 betalte fylkeskommunen 620 mill. kr i avdrag på lån og netto renteutgifter var på 194 mill. kr. Summen til avdrag var 111 mill. kr høgare enn i 2018, mens netto renteutgifter gjekk ned med 13 mill. kr.

Ved utgangen av 2018 hadde Hordaland fylkeskommune disposisjonsfond på 342 mill. kr, eller 3,2 % av driftsinntektene. Året før var disposisjonsfondet 221 mill. kr tilsvarende 2,5 % av driftsinntektene.

Dei neste åra tek fylkeskommunen ytterlegare krafttak for klima og miljø både gjennom vidare utbygging av Bybanen til Fyllingsdalen og ved at nye elektriske ferjer vert sette i drift. Det grønne skiftet er likevel ikkje gratis: Dei nye ferjekontraktane medfører sterk auke i både drifts- og investeringskostnadene. Inntektsveksten fylkeskommunen kan rekne med i åra framover, vil langt frå vere tilstrekkeleg til å makte dette løftet. Knappe økonomiske rammer gjer at det må prioriterast endå tydelegare.

Tydelegare kopling budsjett og resultat

I arbeidet med å tilpasse aktivitetsnivået til dei økonomiske rammene, legg fylkesrådmannen vekt på å sikre tydeleg kopling mellom budsjett og resultat gjennom ein overordna modell for målstyring. Modellen tek utgangspunkt i verksemdstrategien, som er tufta på regional planstrategi for utvikling av Hordaland dei kommande åra. Kvar avdeling rapporterer oppnådde resultat i høve dei aktivitetane som vart prioriterte i budsjettet for 2018.

Aktivitetar og resultat 2018

Fylkeskommunen har lagt bak seg eit nytt godt arbeidsår i 2018. Hordaland fylkeskommune har vore pådrivar innan mange område, både ute i hordalandssamfunnet, internt i eigen organisasjon og i samband med regionreforma. Her vil fylkesrådmannen kort trekkja fram nokre moment i årsmeldinga:

- Kollektivtrafikken hadde eit nytt år med solid vekst i passasjertalet – fire prosent vekst samanlikna med 2017 til 73 millionar reisande.
- Oppstart av arbeidet med Bybanen til Fyllingsdalen
- Målretta arbeid for å få fleire unge til å fullføra vidaregåande skule eller læretid i bedrift gjev resultat. Jamn auke i talet på elevar som fullfører frå 81,9 % skuleåret 2016/2017 til 83,5 % siste skuleår.
- Fleire vidaregåande skular er rehabiliterte og byggjearbeidet for Nye Åsane vidaregåande skule starta.
- Fylkeskommunen fordelte 135 mill. kr i spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet.
- 84,2 % av born på 5 år har feilfrie tenner i 2018, medan talet i 2003 var 62,1 %.
- Hordaland fylkeskommune fekk tildelt 57,2 mill. kr frå det statlege havbruksfondet.
- Sjukefråværet i fylkeskommunen var på 5,5 %, ein liten nedgang frå 5,7 % i 2017.
- Talet på tilsette gjekk ned med knapt 50 frå 2017 til 2018, og var ved årsskiftet på 4 350.
- Tilnærma uendra klimautslepp frå 2017 til 2018. Inngåtte kontraktar innanfor kollektivtrafikk gjer at klimagassutsleppet vert redusert monaleg i åra som kjem.
- Den nye fylkeskommunen frå 2020 fekk namnet Vestland fylkeskommune.

For andre resultat og omtale av viktige aktivitetar i Hordaland fylkeskommune viser fylkesrådmannen til den årsmeldinga som er lagt ved denne saka. Sjølve årsrekneskapen for 2018 med revisjonsmelding vert lagt fram i eiga sak til fylkestinget i juni.

Fylkeskommunen si årsmelding for 2018 føreligg elektronisk, som pdf-fil (vedlagt), og den kan lesast på fylkeskommunen sine nettsider.